



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 19.02.13 **Kl.:** 09.00 – 13.30 **Stad:** Kommunestyresalen, Bømlo rådhus
Saknr.: 01/13 – 09/13

MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

DESSE MØTTE

Georg Lønning (H)
Svanhild Vespestad (Ap).
Kåre Habbestad (SP)
Terje Olav Nesse (V)
John-Kåre Torkelsen (Krf)

FORFALL

Det var ingen forfall til møtet.

DESSUTAN MØTTE

Ordfører Odd Harald Hovland var med i sak 01/13 – 03/13.
Rådmann Sverre Olav Svarstad var med i sak 01/13 – 03/13:
Teknisk sjef Torolf Meling var med i sak 01/13 – 03/13.
Silje Sivertsen frå Deloitte AS, var med i møtet fom. sak 04/13 – 09/13.
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

Sakliste:

Saknr.	Sak
01/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/13	Godkjenning av protokoll frå møte 27.11.12
03/13	Rådmannen orienterer
04/13	Meldingar
05/13	Orientering
06/13	Årsmelding 2012 for kontrollutvalet
07/13	Bestilling av forvaltningsrevisjon innan PP – tenesta og Barne og familietenesta i Bømlo kommune – Forslag til prosjektplan
08/13	Møteplan for kontrollutvalet 2013
09/13	Gjennomgang av møteprotokollar
	Eventuelt

01/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom nokre redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend, med dei redigeringane som kom fram i møtet.

02/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 27.11.12.

VEDTAK

Protokollen frå møte 27.11.12 vart samrøystes godkjend.

03/13 RÅDMANNEN ORIENTERER

FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

HANDSAMING I MØTET

Selskapskontroll av Sentralidrettsanlegget AS:

Rådmann Sverre Olav Svarstad og Ordførar Odd Harald Hovland orienterte etter selskapskontroll i Sentralidrettsanlegget. Dei svarte også på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunen sin praksis ved førespurnad frå innbyggjarane og handsaming av klager på vedtak:

Teknisk sjef Torolf Meling orienterte om kommunen sin generelle praksis ved førespurnad frå innbyggjarane, samt handsaming av klager på vedtak. Han svarte også på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet er ikkje nøgd med orienteringa i høve saka. Kommunen må sikra ryddig sakshandsaming og nytta rutinar som sikrar korrekt behandlingstid. Dette for blant anna å sikra progresjon i saker, slik at det ikkje er pga. kommunen sine rutinar eller manglande rutinar at saker vert liggjande i systemet utan å verta ferdighandsama.

Kontrollutvalet ynskjer ny orientering i saka i løpet av våren 2013, for å få ny informasjon om status i høve kommunen sin rutine innan området. Kontrollutvalet ynskjer også å få eit oversyn over kor mange liknande saker kommunen har som ikkje er ferdighandsama pr. i dag.

Dokument som vart delt ut i møtet: Kart med oversyn over omsøkt naustområde, omsøkt ny veg og eksisterande veg.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

1. Utvalet ser seg ikkje nøgd med orienteringa vedrørende selskapskontroll av Sentralidrettsanlegget AS.
 - a. Kontrollutvalet ynskjer ny orientering av rådmannen i aprilmøtet 2013.
2. Utvalet ser seg ikkje nøgd med orienteringa vedrørende kommunen sin praksis ved førespurnad frå innbyggjarane og handsaming av klager på vedtak.
 - a. Kontrollutvalet ber kommunen sikra at svarfristar til innbyggjarane vert haldne, og at behandlingstida på saker er i samsvar med aktuelle lovar og reglar.
 - b. Kontrollutvalet ynskjer ny orientering om status i høve kommunen sin rutine innan dette saksområdet i løpet av våren 2013.

04/12 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Rådmannen	Handlingsplan – Oppfølging av rapport etter selskapskontroll (SIM). Sak PS 102/12 i kommunestyret 12.11.2012.
2	Kommunestyret	Årsbudsjett 2013, Økonomiplan 2013 - 2016
3	Kommunestyret	Utbygging av sjukeheimplassar
4	Rådmannen	Sjukefråværet
5	Administrasjonen	Årsbudsjett 2013 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune.
6	Rådmannen	Oppfølging av rapport etter selskapskontroll.
7	Fylkesmannen i Hordaland	Verjemålsreforma – status og gjennomføring 2012.
8	Kommunal- og regionaldepartementet	Opne møter i kontrollutval og kommunale føretak.
9	Bømlo kommune	Rekneskap for kontrollutvalet 2012
	Eventuelt	

HANDSAMING I MØTE

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
7	Fylkesmannen i Hordaland	Verjemålsreforma – status og gjennomføring 2012. <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet orienterte om saka.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

05/13 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk.
2	Sekretariatet	Revisor sin plass i kommunestyremøta.
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk <ul style="list-style-type: none">• Gjennomført kurs i iPad. Repetisjon ved april møte 2013.
2	Sekretariatet	Revisor sin plass i kommunestyremøta. <ul style="list-style-type: none">• Sekretariatet informerte om forslag til praksis.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

06/13 ÅRSMELDING 2012 FOR KONTROLLUTVALET

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2012 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak var samrøystes.

INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2012 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

07/13 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON INNAN PP – TENESTA OG BARNE OG FAMILIETENESTA I BØMLO KOMMUNE – FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan PP-tenesta og Barne og familietenesta i Bømlo kommune. Deloitte vert innan beden om å levere forslag til endeleg prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk, med atterhald om økonomisk fullfinansiering.
2. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Godkjend prosjektplan skal leggjast fram som melding i kontrollutvalet i neste møte.

HANDSAMING I MØTET

Silje Sivertsen v/ Deloitte AS presenterte prosjektplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet ynskjer løypemelding i høve forvaltningsrevisjonsprosjektet i april møtet 2013.

Forslag til vedtak var samrøystes.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan PP-tenesta og Barne og familietenesta i Bømlo kommune.
2. Deloitte vert innan 21.2.2013 beden om å levere forslag til endeleg prosjektplan i tråd med dei endringane og føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
4. Godkjend prosjektplan skal leggjast fram som melding i kontrollutvalet i neste møte.

08/13 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET FOR 2013

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2013:

Dato:	Merknad:
19.02.2013	Under avvikling
23.04.2013	
14.05.2013	
17.09.2013	
26.11.2013	

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet gjekk gjennom forslag til møtedatoar.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2013:

Dato:	Merknad:
19.02.2013	Under avvikling
23.04.2013	Møtestart kl. 10.00.
14.05.2013	Møtestart kl. 10.00.
17.09.2013	Møtestart kl. 10.00.
26.11.2013	Møtestart kl. 10.00.

09/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

EVENTUELT

SIM IKS og retningslinjer for sjølvkost:

Brev frå Deloitte AS vedrørande svar til kontrollutvalet, om SIM IKS (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk) og retningslinjer for sjølvkost.

Vannforsyning til naust på Langevåg:

Saka kring vannforsyning til naust på Langevåg har vore til handsaming hjå advokat i tillegg til å vorte handsama i forliksrådet. Pr dags dato er det ikkje kome fram til ei løysing i saka.

I plan for selskapskontroll er Bømlø Vatn og Vatn og Avløpsselskap sett opp som nr. 1 på prioriteringslista

Kontrollutvalet ynskjer å koma attende til saka i samband med planlagt selskapskontroll.

iPad kurs.

I siste del av møtet heldt utvalsmedlem John-Kåre Torkelsen iPad kurs for resten av utvalet. I neste møtet er det planlagt repetisjon.

Sonja Hellen Sele
leiar

Elin Molven
sekretær